

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Foldersøid

Emne: Helsing, fakter  
og åtferd

Bygdelaq:

Oppskr. av: P. Jæqer-Leirvik

Gard:

(adresse): Sjølstad

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Denne oppskrifta er etter det eg sjølv minnest frå 50-60 år tilbake og det eg har høyrd av fleire eldre, m.a. mor mi, som var fødd i Foldersøid 1858.

+

1. Dei "gamle";- dei som levde til i 1920-åra, brukte jamt å nikke med hovudet når dei svara "ja" og vrikke litt tilsides med hovudet eller riste lett med hovudet når dei svara "nei". I heimen var det visst ingen som gjorde dette, men some gjorde det alltid når dei var borte, tala med framande eller hadde for seg meir "framståande" menneskje. Og t.d. kvinner som bar born til dåpen, gjorde ~~det~~ mest alle saman ein nikk med hovudet når dei svara "ja". Mange gjer det enno. Det var helst kvinner som brukte denne nikkinga og vrikkinga med hovudet, sjeldan menn.

2. Frå gamalt, den tid det sjeldan kom ukjende framande til bygdå, var det skikk å helse på alle ein møtte, stogge dei om det var råd og gje seg i prat med dei for å få veta mest mulig om dei. Men dei tykte den framande var ein raring dersom han ikkje helsa først. Å helse på alle ein møtte var skikk her heilt til for 20-30 år sidan. Frå

den tid er det vorte meir og meir slik, at bygdefolket ikkje helsar på ukjende som dei møter, dersom desse ikkje helsar først.

3. Millom kjende var det ~~den~~ regel, at den yngste skulle helse først. Likeins skulle den helse først som rekna seg sosialt å stå lægst. Men millom jamlike bygdefolk var det ingen slik regel. Når mann og kvinne møttest, helsa gjerne mennene først.

4. Millom jamlike, kjende bygdefolk var det ikkje nokon sers helsingsskikk. Dei sa "goddag" eller "farvel". Det var ingen skilnad slik på kvinner og menn. Born derimot skulle "neie"<sup>eller "bikke"</sup>. Og det hende der var kvinner som var "born" slik all sin dag.

5. Det var ulike helsingsmåtar når ein møtte "högtstående" personar, som presten eller andre embetsmenn, og når det var grannar og slektningar som møttest. For embetsmenn o.l. tok ein av seg hatten eller huva, og sytte for å helse først. Framande kjende, vener eller slektningar vart også helsa på ein meir högtidsam måte, gjerne med å ta av seg hatten eller huva. Vener og slektningar i grannelaget vart helsa som andre grannar, utan å lette på hovudplagget. Men var ein i helgapuss, kunne ein peike opp mot hovudplagget når ein helsa.

6. Det var ikkje vanleg at nokon heldt hatten eller huva med baa hendene eller under armen når dei helsa. Men det er fortald, at dei som skulle freiste få varor på borg hos handelsmannen "stome huva i hainna".

7. Det var meir högtid over helsinga og når folk var kledd i högtidsklede. Ved kyrkja helsa dei i i handa på kvarandre om dei elles ikkje ville

gjort det. Og i vertskap (selskap) handhelsa alle på kvarandre når dei ikkje var frå same huset.

8. Når folk kom på vitjing, handhelsa dei både på vaksne og born, some også på dei aller minste borna, d.v.s. at kvinner gjorde det, men ikkje menn.

9. Å klappe kvarandre på aksla som uttrykk for venskap, er ikkje skikk her, og har visst aldri vore det.

10. Det er ikkje kjent her at folk tok av seg hatten for klokkinging frå kyrkja eller gjorde andre sermoniar i dette høve.

11. Men når dei møtte brudefylgje eller likferd, tok dei av seg huva eller hatten.

12. Ingen minnest no at her nokor tid har vore hel-  
sa på visse ting eller dyr.

13. "Gomorn" sa folk for det vart lyst, "goddag" frå det vart lyst og til det tok til å skyme, "go-  
kveld" og "gonått" frå det tok til å skyme. Om so-  
maren var det soloppgang og solnedgang som var  
skilje.

14-15-16. Folk som ikkje helsa rett, t.d. sa "go-  
morn" midt på dagen, vart gjerne til flir. Dei  
fekk gjerne til svar at "han sov ikkj te kvelds  
som stig opp no". Men i den siste tida er denne  
snobbsleiving i helsinga vorte så mykje meir van-  
leg, at folk held på og vennær seg til det.

17. Det har vore, og er framleis vanleg, at folk  
seier "velsegn arbe", "velsegn laje" og "velsegn  
maten".

18. Andre tiltalemåtar er ukjende, og folk svarar  
"takk",

19. Det har vore vanleg, at folk som helsar ute, også helsar inne med "goddag i hus".

20. Når ein vil tale med husfaren eller ein annan åleine, bed ein om å få tala med denne "på to-manns-hand".

21. Det er først i det siste at det er vorte skikk å banke på døra før ein går inn.

22, 23. Når det blir banka på, blir det inne svara "kom inn" eller "ja". Dei som kjem inn, plar stå ved døra til dei blir bedne setje seg. Dette er gamal skikk, og det var vanleg frå gammalt at folk drygde ved døra før dei gjekk og sette seg - dei måtte "nøyast" litt før dei gjorde det. Dette var rekna for hövisk. Dei som ikkje bar seg åt slik, var framfuse.

24. Huva tok dei av med det same dei kom inn. - No er det vanleg å henge huva att i gangen før ein går inn.

25. Til folk som venta ved døra sa dei "versego sett" eller "du må sjå å gå sett".

26. Det vart gjort skilnad på kven som kom. For høgareståande personar reiste husfaren eller husmora seg og baud dei framande til setes. Denne handhelsa da med det same. Men hadde nokon ~~avkikk~~ ~~følka~~ vorte var den framande, gjekk gjerne ein av husbondsfolka i møte med han i gangen eller enda lenger dersom den framande var velkomen. Var det langvegsfarande vener eller slektningar, gjekk husbondsfolka imöte med helsande hender. Dei som vart gått imöte, vart også fylgd til setes. Til vanlege grannar vart det gjort som nemnt under pkt. 25.

27. Heilt framande som kom til gards, vart det ikkje gjort nokon sers stas på. Dersom dei ikkje sjölve slo opp praten straks og gav kil kjenne kven dei var, drygde det gjerne ikkje lenge för ein av dei eldste i huset, eller ein av husbondsfolket tok til å frette den framande ut om kven han var og kor han kom ifrå. Dei lika ikkje lenge å ha ein framand i huset som dei ikkje visste kven var.

28. Når det kom til gards framande, drog dei handa over stolsetet för dei sette fram stolen, vel med tanke på å få bort rusk og stöv.

29. Innbedne gjestar gjekk husbondsfolket imot i gangen eller på troppa eller tunet. Dei vart handhelsa velkomne og fylgd inn i stova, der dei vart sette på högsetesplassa.

30. Ved kvardagslege vitjingar sa den farande "farvel" og fekk det same til svar.

31. Ved avskil for lang tid tok den farande alle som vart att i handa, han som reiste sa "farvel" og la gjerne til "dokk må lævva vel", og dei som vart att sa "takk, og du de samma - go tur". Var det truleg at det var avskil for siste gong, vart det sjeldan sagt noko meir, berre handtrykket var fastare og meir langvarig. Dei gamle her hadde imot å laga sener av noko slag.

32-33. Det har ikkje vore skikk her i bygda å kysse kvarandre til farvel.

34. Å kysse kalla dei også å "gi gomoinn". Dette var vanleg uttrykk når det galdt born.

35-37. Å kysse på handa harnikkje vore brukt her i noko høve.

38. Til småborn som skal gi nokon eit kyss seier ein enno at dei må gi "gomoinn" eller "myss".

39. Det var vanleg för at vaksne "bytta næssi" med småborn,- da gnidde den vaksne nasen mot barnenasen. Dette er det slutt med for 20-30 år sidan, da folk tok til å rekne det som ureisleg og smittefarleg.

40. Frå gamalt var det både foreldra og vener av huset som "bytta næssi" med bornä, men til sist var det berre foreldra eller berre mora, til også ho slutta med det.

41. "Å lån næssin" åt småborn var vanleg för, og heng att enno. Dei spør barnet om å "få lån næssin din", og så tek dei barne-nasetuppen millom peike- og langfingeren.

42. Å kjærteikne born ved å legge kjake mot kjake, er enno vanleg. Det kallar dei "ågi gokjaka".

43. Dette blir gjort millom born og foreldre og andre nære slektningar f. eks. småborn og beste-foreldre, onklar, tanter o.l. Millom vaksne har det ikkje offisielt vore skikk å "gi gokjaka".

44.-45. Det har vore vanleg å seie: "Lökk med" jula, lökk med nyåre, med påska, med pinsa, og elles med alle offisielle og private festdagar, med barnefødsel, truloving og brudlaup, og med årmålsdagar. "Lökk med" seier ein enno ved festdagar, men elles er det jamt no "eg gratuleri"...

46. Ved dødsfall og annan motgang har det ikkje vore vanleg med noko fast uttrykk. Folk gav til kjenne medkjensla si med ord som hövde i kvart einskild tilfelle.

47. Når ein fekk noko, var det vanleg å takke i handa. Når dei gamle hadde fått traktering, nemnde dei alltid det som dei hadde fått når dei takka: "Takk for skjenkjen" dersom dei hadde fått öl eller dram, "takk for bröd og skjenk" dersom det var bröd (kaker) attåt, som det ofte var når dei gamle skjenkte dram, "takk for kaffe og bröd" eller "takk for mat og kaffe". (Merk den ulike ordstillinga). Dei sa også "takk for maten", -ikkje berre "takk" som i some bygder. Det var i det heile skikk å nemne det som ein takka for. Og denne skikken varar stort sett enno.

48. A "takke ut" har ikkje vore brukt her.

49. Vanvyrdnad berre med fakter kunne synast på mange måtar alt etter kven ein hadde for seg og kor stor vanvyrdnaden var. Dette kunne også vera individuelt. Dersom ein sa noko dumt eller opplagt usannt utan at den andre ville legge imot, var det vanleg å vise vanvyrdnad med ein grimase, ved å trekke nerlippa ut og opp, og munnvikene ned. Ville ein syne vanvyrdnad for ein som ein var sinna på, var det vanleg å gå forbi han utan å helse eller sjå tilsides når dei möttest. Det vart også rekna som vanvyrdnad at den eine grannen ikkje såg innom til den andre. Den grovaste form for vanvyrdnad var å snu baken til, eller snu seg frå den ein hadde framfor seg og klappe seg i baken.

50. Frå gamalt sa folk her alltid "dokk" til foreldra, til eldre folk, til framande og til dei som dei rekna å stå högare sosialt. Elles sa dei "du" til alle. No er "dokk" mykje utskifta med "De". "I" og "Jer" har aldri vore brukt her.

51. Når det vart tala med högareståande personar, vart det også sagt "han" eller "ho" istaden for "du" eller "De". Og det er framleis vanleg at dei sier t.d.: "Vil presten gjera oss den tenesta..." eller "kva meiner doktern...." som personleg tiltale. Til personar i lågare "rang" vart det aldri sagt "han" eller "ho".

-----

Skrive 24/3 - 1953.